



Val på Bjørgvin bispedømeråd/ Bjørgvin sine representantar til Kyrkjemøtet

2009

Leke kandidatar i alfabetisk orden

(alder på kandidatane er alder ved utgangen av 2009)

Røysterett på desse kandidatane har alle medlemmer av Den norske kyrkja i Bjørgvin som ikkje er prestar eller lek kyrkjeleg tilsette



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd



	<p>Bodil Birkenes</p> <p>54 år Erdal sokn, Vesthordland prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Lektor Kongshaug Musikkgyrnas	Frå	2006
---------------------------	-------------------------------	------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Cand.polit. med pedagogikk hovedfag			

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Erdal menighetsråd (2 perioder)		2005	2009
Erdal menighetsråds repr. i Undervisningsutvalget		1997	2001
Askøy kirkelige fellesråd (nestleder)		2005	2009
Fellesrådets representant i byggekomtean for Strusshamn kirke			
Styremedlem i Askøy søndagsskolelag			

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Askøy kommunestyre		1991	1995
Utvalg for oppvekst og kultur, Askøy kommune		1991	1995
Leder for FAU, Erdal Barneskole		2003	2005
Jury medlem/meddommer, Gulating Lagmannsrett		1995	

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Familiearbeid	
Dåpsopplæringsarbeid	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------


Er generelt opptatt av menighetsbyggende arbeid. Det er viktig at alle aldersgrupper og personer med ulike teologiske ståsted skal føle seg velkommen og sett i menigheten.

Det er viktig å ta utgangspunkt i de mulighetene som er i menigheten.

Har i siste menighetsrådsperiode vært med å få i gang:

- gudstjenesteteam som har ansvar for klokkertjeneste og inkluderende arbeid i og rundt gudstjeneste (dåpsvert, kirkevert, kirkekaffe).
- Storfamiliedager med kor, aktiviteter og middag
- Søndagsskole under gudstjenesten



	<p>Erland A. Fagermoen</p> <p>67 år Balestrand sokn, Ytre Sogn prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Gardbrukar/pensjonist	
---------------------------	-----------------------	--

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar – vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Gardbrukar		1977	
Lydteknikar Norea Radio		1969	1977
Radio-/Fjernsynsreparatør		1967	1969
Elektroteknikar Sjøforsvaret		1961	1967

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar – vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Leiar for St.Olafs vener, ei stifting for bevaring av den engelske kyrkja i Balestrand.		2008	d.d.
Formann/Styremedlem i Sogn Misjonssamband		1984	d.d.
Medlem i krinsstyret for NLM Bergen krins i fleire periodar.			
Har delteke aktivt i kyrkje og bedehus gjennom mange år.			

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar – vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Ordførar		2003	2006
Fylkestingrepresentant		1987	2002
Fylkesutvalet		1987	2002
Kommunestyrerepresentant		1980	1999
Formannskapsrepresentant		1984	1999

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og planer kandidaten er særleg opptatt av. Inntil 5 kandidaten vil prioritere høgst)</i>
	Ressursar til å vidareutvikle trusopplæringa.
	At kyrkja og den lokale kyrkjelyden skal bety noko for så mange som mogeleg.
	Godt samarbeid mellom kyrkjelydane og misjonsorganisasjonane.
	At kyrkja skal vera ei open kyrkje der Guds Ord vert forkynt klårt og reint. Kyrkja må stå fast på kyrkja si tradisjonelle lære i teologiske spørsmål.

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>

Kyrkjevalet 2009 – leke kandidatar Bjørgvin




Kyrkja si fremste oppgåve er å hjelpe medmenneskje fram til ei levande tru. Kyrkja sitt nærvær i det offentlege rom gjer at ho har ein posisjon og identitet som gjev ei god muligheit til å nå folk som står litt utanfor det etablerte.

Er særleg oppteken av:

- At kyrkja må tale klårt i vanskelege spørsmål og ikkje medverke til at kristenfolket vender kyrkja ryggen.



	<p>Håkon S. Gill 66 år Hyllestad sokn, Ytre Sogn prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Lektor h.v.	2007
---------------------------	-------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Lektor, Førde Gymnas		1971	1979
Lektor, Hyllestad skule		1979	2007
Ordførar i Hyllestad		1988	1993
Stortingsrepresentant		1993	1997
Statssekretær i olje og energidepartementet		1997	1999

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Leiar i Øn sokneråd og Hyllestad fellesråd		1999	2000
Leiar i Hyllestad sokneråd (inkludert fellesråd)		2000	2009
Medlem i Ytre Sogn prostistyre .		2007	2009
2. varamedlem til Bjørgvin bispedømeråd		2005	2009
Utending frå Bjørgvin på kyrkjemøtet		2008	

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem av Hyllestad formannskap (ikkje 1993 – 1999)		1984	2007
Styremedlem, Norsk lektorlag, avd. Sogn og Fjordane. Leiar		1979	1981
Styremedlem, Senterpartiet i Sogn og Fjordane. Leiar		1989	1995
Leiar i Sogn og Fjordane Nei til EU		2006	
Div. styreverv i Det norske misjonsselskap, Sogn og Fj. krins og ulike tillitsverv i mållag og folkeakademi.			

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
-----------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Realisere visjonen: Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved a) forkynne Kristus, b) byggje kyrkjelydar, c) fremje rettferd.
 Trusopplæringsreforma skal forståast som ein prosess som under ei nasjonal leiing skal gjennomførast i kyrkjelydane.
 Innføringa av ny salmebok, nye liturgiar og utarbeiding av plan for kyrkjemusikk må appellere til grupper som føler behovet for fornying/nye uttrykksformer, men må også ta vare på kulturarv og verdifull, nedervd tradisjon.
 Skaparverk og berekraft – arbeid for ei berekraftig utvikling, lokalt, nasjonalt og globalt.
 Kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar.

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------




Den politiske avtalen av 10. april 2008 og stortingsmeldinga er å sjå som eit viktig steg mot ei brei og framtidsretta løysing på tilhøvet mellom stat og kyrkje. Den norske kyrkja må ta konsekvensen av dette ved å vere open, inkluderande og å arbeide for at medlemmene skal ta aktivt del i kyrkja sitt arbeid, si styring og utvikling.

Demokratireforma er i startfasen. Ein har iverksett tiltak vedkommande kyrkjemøte/topplanet, bispedømet/regionen, og soknet/grunnplanet, men i altfor liten grad har ein tenkt på korleis prostiet/mellomnivået skal fungere i framtida. Her ligg det ei utfordring når det gjeld lov og regelverk. Men fyrst og fremst er det her tale om å finne fram til ordningar som kan vere tenlege i kyrkja sin kvardag.

Kyrkja må leve med meiningsskilnader både når det gjeld teologiske spørsmål og kyrkjepolitiske spørsmål. Vår historie viser at vi har solid tradisjon for å forveksle menneske- og samfunnssyn med grunnleggjande lærespørsmål. Vi må øve oss i å bli meir medvitne og skilje betre her. Historia kan få oss til å forstå kor viktig det er at ulike syn ikkje må hindre oss i hovudsaka - saman forkynne evangeliet.



	<p>Sigbjørn Grønås</p> <p>70 år Os sokn, Midhordland prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Professor	1990
---------------------------	-----------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Statsmeteorolog		1966	1968
Forskar meteorologi		1968	1990
Professor		1990	-


Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem/leiar sokneråd, Nittedal i Borg		1972	1984
Medlem/leiar sokneråd, Os i Bjørgvin		1992	2004
Medlem utval for Rotnes krins, Nittedal		1984	1990
Tekstlesar/klokkar		1995	-
Barnearbeid søndagsskule/barneklubb		1970	1982

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Styran Geofysisk institutt, Universitetet i Bergen		1997	2002
Styremedlem/nestleiar Naturvernforbundet Hordaland		2002	2008
Medlem vitskapleg råd, europeisk senter for vervarsling		1990	1998
President Norsk geofysisk foreining		1994	1996
Redaktør for delar av klimabladet <i>Cicerone</i> (no <i>Klima</i>)		1998	2005

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Dåpsopplæring	
Global oppvarming/fattigdom i verda	
Gudstenestefeiring	
Kristen tenking i samfunnet	
Diakoni	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
<p>Meiner dåpsopplæring og barnearbeid er viktigaste sak for kyrkja no.</p> <p>Vil at kyrkja skal engasjera seg meir i spørsmål om forbrukarsamfunnet, klima og fattigdom i verda.</p> <p>Vil gjerne bidra til at gudstenesta blir eit høgdepunkt i veka for mange fleire.</p> <p>Står for kyrkja si tradisjonelle lære i dei fleste teologiske spørsmål, slik som i synet på ekteskapet.</p> <p>Vil at kristne skal engasjera seg meir i samfunnsdebatten og slik bli meir synlege.</p> <p>Kyrkja må alltid prioritere dei vi ofte kallar dei minste mellom oss.</p>	



	<p>Cathrine Halstensen</p> <p>31 år Bergen domkirke sokn, Bergen domprosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Leder av selvhjelpssenteret Batteriet Vest Norge	2009
---------------------------	--------------------------------------------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Prostileder Bergen Domprosti		Jan. 2006	Mars 2009
Daglig leder Bergen domkirke menighet		Feb. 2005	Des. 2005
Daglig leder i Fridalen og Skjold menigheter		Okt. 2003	Feb. 2005
Daglig leder i Søreide menighet		Nov. 2002	Okt. 2003
Utdannet ved UiB og Norsk Lærerakademi		Aug. 1997	Jun. 2002

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
TROP- Trosopplæringsutvalget i Bergen domkirke menighet		2006	2009
Har sittet i ulike komiteer og utvalg bl.a. innenfor frivillighetsarbeid, kirkemusikk og omorganisering.		2005	2009


Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Styremedlem Norges Huseierforbund		2008	d.d
Representantskapet i Kirkens Bymisjon Bergen		2007	2009
Sekretær og medlem av Alrekstadkomiteen (Teater & musikk)		2004	2006
Aktivt medlem av Natur & Ungdom		1998	1999

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Diakoni og fellesskap	
Kirken som kulturarena	
Barne- og ungdomsarbeid	
Økumenikk	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Den kirkepolitiske saken som opptar meg mest, er at jeg ønsker å jobbe for et bedre og tettere samarbeid mellom kommune og stat når det gjelder vedlikehold og oppgradering av kirkebyggene våre.



	<p>Grete Algrøy Herøy</p> <p>53 år Fedje sokn, Nordhordland prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Driftssjef i Fedje kommune	1994
---------------------------	----------------------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Økonomi/personalforvaltning/ administrasjon		1984	1987
Diverse temakurs av ulike lengde			

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem Fedje Sokneråd/fellesråd –		2001	2003
Leiar i Fedje Sokneråd/fellesråd		2003	2009
Frivillig klokkar i Fedje kyrkje		1998	fortsatt
Frivillig medarbeidar i Kvardag og Helg (kyrkjelydsblad)		2001	fortsatt

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Styrelleiar i Kystradioen (frivillig medarbeidar 1985-1994)		1990	1993
Styremedlem i avisa Vestnytt		1989	1993
Leiar i adm. nemd for Nordhordland legevakt		2008	Fortsatt
Nestleiar i AuFeRa (Vekst-bedrift)		2005	Fortsatt

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Ressurser til å fortsetja og vidareutvikla trusopplæringa – for alle kyrkjelydar	
Skapa gode vilkår tilsette og frivillige for at bibelforteljingane og song- og salmeskatten kan verta formidla i mange ulike uttrykksformer til alle generasjonar.	


Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Det sentrale i kyrkja er at tru må oppstå, veksa og vidareformidlast. Det vera rom for mangfald og ulike formidlingsmetodar utan at det skal gå på bekostning av det sentrale i trua vår.

Kyrkja må få dyrka sin eigenart og ha herredøme i eige hus, med gode rammevilkår.

Dei økonomiske ordningane må endrast og ikkje minst styrkast.



	<p>Karl Johan Kirkebø</p> <p>59 år Bønes sokn, Fana prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Salgsdirektør Onsoft Computer systems as	2007
---------------------------	------------------------------------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Siviløkonom NHH		1971	1975
Regionsdirektør ICL, region Vestlandet		1988	1991
Direktør IBM Ungarn, Divisjon storkunde		1996	1998
Adm. Direktør Forretningsutvikling Euronet Worldwide		1998	2002
Direktør Forretningsutvikling EDB Business Partner		2004	2006

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Menighetsrådsleder Bønes Menighet		2002	2009
Styremedlem Stiftelsen Bønes Interimskirke		1992	1995
Medlem Bønes frivillige Menighetsråd		1984	1994
Styremedlem Felles menighetsblad Fana Prosti		2005	2009

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Diverse tillitsverv innen idrett på klubb, krets og forbundsnivå.			

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
1. Strategi. At vi er beviste i våre valg på hva vi ønsker å prioritere og hvordan vi ønsker å gjennomføre det.	
2. Frivillighet. Hvordan oppmuntre mange til å finne sitt engasjement i kirken, legge til rette for dem, se dem og hjelpe dem.	
3. Gudstjeneste. Bidra til at det å Feire Gudstjeneste blir styrket som det bærende element i menighetsutviklingen.	
4. At kirken og den lokale menighet skal bety noe for så mange som mulig og være et kraftsenter i lokalmiljøet med lav terskel og stor takhøyde.	
5. Dåpsopplæring. At vi som kirke går inn med engasjement i dåpsopplæring og fyller hullet skolen etterlater seg.	


Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------



Jeg oppfatter meg som trygt plasert på de vedtak som er gjeldende for Den Norske Kirke på alle sentrale områder. Jeg er for at vi skal ha stor takhøyde og at det skal være rom for meningsforskjeller på mange spørsmål, men at dette må kombineres med å vise respekt for hverandre og evne til å kunne jobbe sammen for vårt store mål: At så mange som mulig skal få møte Jesus.

Kirkepolitisk betyr dette at jeg er tilhenger av en åpen kirke med en sterk folkekirkelig profil som samtidig er tydelig i sin forkynning. Jeg tror at vi som kirke har fordeler av å forbli statskirke.



	<p>Henny Koppen</p> <p>54 år Nedstryn sokn, Nordfjord prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Høgskulelektor	2003
---------------------------	----------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Lærer Stryn ungdomsskule		1989	2003
Krinssekretær Norges KFUK-KFUM		1982	1989
Kyrkjelydssekretær/Kateket Byåsen menighet		1977	1981
Musikk hovudfag		1997	1999
Cand mag med musikk, kristendom og pedagogikk		1974	1979


Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Varamedlem/Medlem Bjørgvin Bispedømeråd		2001	2009
Medlem Mellomkyrkjeleg råd		2005	2009
Medlem kyrkjemusikkutvalet		2006	2008
Medlem representantskapen for KN		2009	
Leiar undervisningsutvalet Nedstryn kyrkjelyd		1983	1985

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem/Leiar programutvalet Norges KFUK-speidere		1996	2000
Krinstrenar/Kursleiar KM-speidaren		1998	2008
Krinsleiar Norges KFUK-KFUM		2003	2004
Leiar Sogn og Fjordane musikkråd		2005	2008
Varamedlem/Medlem Stryn kommunestyre		1991	1999

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Formidle styrken som ligg i å leve livet saman med Jesus, nåde og velsigning.	
Trusopplæringsreforma, også med tanke på samspelet mellom kyrkja og organisasjonane	
Kyrkjemusikk og kultur, ikkje minst i samband med ny gudstenestene	
Økumenikk, misjon, integrering, fellesskap	
Klimaspørsmål	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
<p>Er oppteken av at satsinga på trusopplæring skal kome godt i gong. Er oppteken av at samspelet med dei frivillege organisasjonane må fungere og vil arbeide for gode relasjonar. Er også oppteken av kyrkjemusikk og kultur, og for tida ser eg fram til at ny gudsteneste, plan for kyrkjemusikk og satsing på kulturarbeidarar i kyrkja skal gi ein ny giv. Dette er felt der eg kjenner meg som ein kompetent fagperson, og eg ynskjer å vere med å påverke vegen vidare.</p> <p>Stikkord vidare er økumenikk, misjon, integrering, fellesskap. 40 % av innvandrarane i Noreg er kristne, dette ser eg som eit høve for oss til å utvide eigen horisont. Eg er også oppteken av klimaspørsmål og glad for satsinga kyrkja har lagt seg på dei neste ti åra. Eg går inn for å ta vare på ei open og inkluderande folkekyrkje på alle felt</p>	



	<p>Geirmund Kvamme</p> <p>22 år Bergen domkirke sokn, Bergen domprosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------

Frå
Noverande stilling Student

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Tømmrarlærling		2005	2007
Vikarierende vaktmeister / kontorarbeider på Fjordly Ungdomssenter		2006	2007
Bibelskulen i Grimstad, Ledelse og Kommunikasjon		2007	2008
Forkurs Ingeniør		2008	2009

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Acta styremedlem i Acta Sogn og Fjordane		2004	2007
Acta rep. i regionstyret for Sogn og Fjordane Norrmisjon		2004	2005

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
1.	Barne- og ungdomsarbeid. Det er svært viktig at kyrkja satsar på dette området, då trusopplæringa ikkje lenger har ei så sentral rolle i skulen. Vi må gjere konfirmantarbeidet meir interessant, og det er viktig å gje konfirmantane gode tilbod også etter konfirmasjonstida.
2.	Gudstenesta er møtepunktet i kyrkja, difor er det viktig at gudstenesteforma vert lagt opp slik at den treff alle generasjonar. Det å få til fellesskap på tvers av generasjonar gjev mange og store gevinstar.
3.	Kyrkja og organisasjonar treng mange friviljuge og løna arbeidarar. Difor er det viktig å bruke tid og resursar på rekruttering. Ein nøkkel til god rekruttering er å gjere kvarandre meir bevist på nådegåver, og utfordre personar direkte på det ein veit er deira gåve.

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>



Ei stor utfordring for kyrkja i 2009 er å fange folks merksemd. Eg trur at dette gjer vi beste ved å fortelje ærleg om kva vi trur på. Kyrkja må våge å vere ein tydeleg motkultur til forbrukarsamfunnet. Det er viktig at kyrkja klarer å følgje utviklinga i samfunnet, men samstundes holde seg innanfor Gud sine gode rammer. Vi treng meir en nokon gong å høyre budskapet om Jesu liding, død og oppstode for våre synder forkynt på ein ekte og ærleg måte.

Bibelen må også i 2009 vere den viktigaste rettleiinga for oss kristne. Vi kan ikkje tolke Bibelen slik det til ei kvar tid passer oss. Eg er uroa over det eg meiner er ei uheldig liberalisering i deler av D N Kyrkja. Vi skal tilpasse oss tida, men dette kan ikkje gå i mot det som faktisk står i Bibelen.

Når det gjeld spørsmål kring den nye ekteskapslova, og vigsling av medarbeidarar som lever i homofilt partnerskap, stiller eg meg bak biskop Nordhaug sitt syn.

Kyrkjevalet 2009 – leke kandidatar Bjørgvin



	<p>Gustav Magne Landro</p> <p>41 år Blomvåg sokn, Vesthordland prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Politioverbetjent	2008
---------------------------	-------------------	------

Yrke/utdanning	(Inntil 5 oppføringar – vel dei mest relevante)	Frå	Til
Politiskule		1990	1991
Diverse etatskurs PHS			
Leiing og organisasjonsutvikling PHS		2003	2004
Operativ psykologi UIB		2009	2009

Kyrkjelege verv	(Inntil 5 oppføringar – vel dei mest relevante)	Frå	Til
Leiar av Blomvåg sokneråd		1997	2001
Leiar av Øygarden kyrkjelege fellesråd		2001	2009

Satsingsområde	(Område i kyrkja sitt liv og planer kandidaten er særleg opptatt av. Inntil 5 kandidaten vil prioritere høgst)
Eg ynskjer satsing på gudstenesteutvikling og på born og unge sin plass i kyrkja.	
Eg vil ha fokus på aldersgruppa 30-55 og den ressursen desse er for kyrkja. Deira engasjement er grunnlaget for ei sterk folkekyrkje.	
Eg meiner kyrkja må endrast i takt med tida, men utan at ein skal endra vår klassiske bibeltru oppfatning	
Diakoni og omsut for våre eldste viser at vi har respekt for tradisjonar og einskildmenneske.	
Samarbeid med frivilljuge, kristne organisasjonar vert viktig i ei tid der kyrkja treng stabilitet.	

Utfyllande presentasjon	(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?
Eg viser til omtale i det eg meiner skal vera kyrkja sitt satsingsområde.	



	<p>Hans Fredrik Lauvstad</p> <p>65 år Førde sokn, Sunnfjord prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Seniorrådgjevar i skogbruk hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
---------------------------	----------------------------------------------------------------	--

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Skogbrukskandidat frå NLH		1970	
Lektor ved Kleiva Landbrusskole i Vesterålen		1972	1976
Herreskogmester i Lofoten og Vesterålen		1976	1981
Fylkesskogmester i Nordland		1981	1989
Fylkesskogsjef i Sogn og Fjordane		1989	2004

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Soknerådet i Førde, fire år som leiar, to år nestleiar		1997	2005
Domkirken menighetsråd, Bodø, seks år nestleiar. 80 – talet.			
Var med og skipa Kirkens SOS i Sør Hålogaland, og var nestleiar i styret til eg flytta til Førde			1989

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem av Flerbruksutvalget som utarbeidde ein NOU som gav grunnlag for miljøinnrettinga for norsk skogpolitikk		1986	1989
Sentralstyremedlem i NLF, fagorganisasjon for landbruksakademikarar, i åtte år på 80 – talet.			
Varamedlem til styret i Det norske Skogselskap i fire år på 80-talet.			

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Miljøspørsmål, særleg knytt til forbruk, energispørsmål og klima. Ønskje om å gjere "Grøne kyrkjelydar" grønarar, og meir forpliktande for medlemene.	
Misjon. Arbeidsmåtene er i endring, og organisasjonane slit økonomisk. Er det mogleg og ønskjeleg å engasjere kyrkjelydane meir direkte i misjonsarbeidet?	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Kyrkjevalet 2009 – leke kandidatar Bjørgvin




Eg er spesielt oppteken av prosessen som no går føre, og som gjeld tilhøvet mellom stat og kyrkje.

Målet må vere å få ei meir sjølvstendig og sjølvstyrt kyrkje med stor fridom i trusspørsmål.

Samstundes må kyrkja sikrast organisering og økonomisk grunnlag som gjer kyrkja i stand til å løyse dei aktuelle behova, som gjev engasjement hos medlemene, og som gjev tryggleik for drifta.



	<p>Ingmar Ljones</p> <p>66 år Arna sokn, Arna og Åsane prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------

Noverande stilling	Seniorrådgjevar på opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune med mellom anna kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring som arbeidsområde	Frå 2006
---------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--------------------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Teknisk utdanning		1964	1968
Arbeid i verkstadindustrien		1968	1972
Lærer, rådgjevar og inspektør i vidaregåande skole		1972	1986
Pedagogisk og spesialpedagogisk utdanning		1973	1979
Konsulent for spesialundervisning i vidaregåande skole		1986	1991

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem og leiar i Arna sokneråd		1968	1977
Medhjelpar i Arna kyrkje		1979	1998
Leiar i byggekomiteen for Arna kyrkjelydshus		1986	1991
Leiar Arna sokneråd		2006	dd
Leiar Bergen kyrkjelege fellesråd		2006	dd

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem i Arna bydelsstyre		1974	1980
Medlem av Bergen bystyre		1980	2001
Medlem av helse- og sosialstyre, barnevernsnemnd og skolestyre		1980	1991
Varaordførar/kommunalråd og ordførar		1991	2001
Stortingsrepresentant		2001	2005

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
1. Sokna er grunneiningane i kyrkja. Eg er oppteken av at bispedømerådet skal arbeida for at det blir ope og tillitsfullt samarbeid mellom sokneråd, prest og andre tilsette i kyrkjelydane.	
2. Vi treng fleire frivillige medarbeidarar. Dei må få opplæring og oppfølging for å kunna ta del i kyrkja sitt arbeid; særleg trusopplæring og diakonalt arbeid	
3. Mellom anna som følgje av innføringa av RLE-faget i skolen, må kyrkja få tilført fleire stillingar slik at barn og unge som er medlemmar i kyrkja, kan få trusopplæring (i tillegg til konfirmantundervisninga)	
4. Kyrkja sitt diakonale arbeid og engasjement må styrkjast.	
5. Eg legg vekt på at det må vera gode administrative ordningar på alle plan i kyrkja. Det bør utgreiast om det kan vera tenleg med felles arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i kyrkja.	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------



Kyrkja står framfor store utfordringar og endringar dei næraste åra. I "stat-kyrkje-utvalet" gjekk 18 av 20 medlemmar i utvalet inn for at dagens statskyrkjeordning bør opphevast. Eg meiner at den norske kyrkja bør bli ei sjølvstendig folkekyrkje slik fleirtalet i utvalt tilrådde. I "kyrkjeforliket" i Stortinget 10. april 2008 blei det lagt føringar for endringar som skal koma.

For meg er det ingen motsetnad mellom å vera tydeleg i homofildebatten og samstundes visa homofile vørnad. Eg er einig med biskopen vår, Halvor Nordhaug, som held fast ved at dei som lever i homofilt samliv, ikkje bør ha vigsla stillingar i kyrkja.

For meg er det viktig at kyrkja er synleg i folks nærmiljø. Eg vil arbeida for at vi får ei kyrkje som er open og inkluderande, der folk kjenner seg velkomne og omslutta. Kyrkja må samstundes ha sjølvstende og vera eit trussamfunn med tydeleg diakonal og misjonerande profil. Vi treng både fridom og frimot til å gjera synleg verdien av den kristne trua og kristent liv. Det skjer ved å gjera Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd.



	<p>Egil Morland</p> <p>59 år Fjell sokn, Vesthordland prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Rektor ved NLA Høgskolen	2004
---------------------------	--------------------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Cand. theol.		1976	
Div kyrkjelege stillingar i Bjørgvin		1977	2001
Studiesjef ved NLA Høgskolen		2002	2003
Førstelektor praktisk teologi		2004	-
Rektor NLA		2004	-


Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Leiar i styret for Menighetsfakultetet		2000	2001
Leiar i styret for Menneskeverd		2002	2003
Medlem i utvalet "Same kyrkje – ny ordning" (om statskyrkjeordninga)		1998	2002
Leiar i Presteforeninga		1992	1997
Leiar for Morland/-stø bedehus		1998	d.d.

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Fjell kommunestyre tre periodar		1991	2003
Varaordførar Fjell kommune		1999	2003
Leiar i Utval for Vilt og Landbruk, Fjell kommune		1999	d.d.

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Dåpsopplæring , og at denne ikkje einseitig må vera tufta på kyrkja si plikt, men også på foreldra si forplikting	
Gudstenesta , og høgare verdsetjing av einskapen, som i dag er truga av mangfaldet	
Folkekyrkja , der omgrepa folk og kyrkje vert haldne saman, og ikkje spela ut mot kvarandre	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
<p>Det er eigentleg sagt ovanfor, under satsingsområde.</p> <p>Det er smerteleg å sjå at det er dei bispedøma som tydelegast står for klassisk kristen tru, som også vert "straffa" med utmelding og alternative trusfellesskap. Dette må dei sentralkyrkjelege råda ta ansvaret for. Men vi må ta ansvar for situasjonen hos oss. Det vil eg vera med på!</p>	



	<p>Lars Bjarte Nesheim</p> <p>29 år Årstad sokn, Bergen domprosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------

Frå	
Noverande stilling	Utleiekonsulent

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Bachelor – informasjonsteknologi		2000	2003
Kristendom grunnfag – sjelesorg		2003	2004

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Delegat frå Nesheim sokn til ungdomstinget		2009	2009
Leiar – ungdomsråd		2009	-

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Har gjort frivillig arbeid i Vaksdal fellesrådsområde, særleg knytta opp mot konfirmantarbeider som gruppeleiar og leiar på konfirmantlairar.		2004	2009


Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Ungdomsarbeid – trusopplæring	
Ungdomsting - ungdomsråd	
Oppfordre til å satse på bibelgrupper i kyrkjelydane.	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Kandidaten er særleg oppteken av følgjande:

- Trusopplæring. Viktig med opplæring i Guds Ord og liturgi for å forstå samanhengar.
- Ungdomsarbeid – samarbeid mellom kyrkja og lag/organisasjonar. Oppmode sokneråd til å satse på ungdomsarbeid, samt oppmode unge vaksne til å ta del i ungdomsarbeider, til dømes konfirmantarbeider
- At kyrkja femner om mange menneske, og er ein stor misjonsmarknad. Viktig å fokusere på all den innsats som vert gjort lokalt i kyrkjelydane, og oppmuntre til å fortsetje godt arbeid for Guds rike.
- Bibelgrupper.
- Forkynning; at Guds ord vert forkynt til frelse og bevaring av menneske.



	<p>Inger Helene Thingvold Nordeide</p> <p>48 år Førde sokn, Sunnfjord prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------

Frå	
Noverande stilling	Utviklingsleder v/ Senter for Livsmestring 2006

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Organisasjonspsykologi ved Universitetet i Bergen	1998 - 2000	1998	2000
Personalpsykologi ved UiB		2001	
Diploma course PP Training Institute, London		2008	2009


Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medarbeider i søndagsskulen		1980	2007
Styreleiar i kyrkjebladet Helg og Heim		1999	2009

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Styremedlem / nestleiar i styret for Sunnfjord folkeh.sk.		2002	2009
Medlem i Helse og sosialutvalet i Førde kommune		1998	2002

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Gjennom studier og forskning ved UiB, har eg fått kjenskap til presten si rolle og presten sine utfordringar. Dette er eg særleg oppteken av, i lys av dei endringar kyrkja står overfor. Noko av dette kjem til uttrykk i boka eg var med på å gi ut i 2008: "Jeg er jo ikke Jesus heller" en studie av arbeidsmiljø og belastninger for norske prester	
Gudstenestelivet, inkluderande, ope og sentralt i formidling.	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
<p>Eg er oppteken av dei store endringane som skjer i kyrkja vår. Reformar og stat-kyrkje spørsmålet fører meg seg til dels store endringar. Endring er ei naturleg utvikling i ei levande kyrkje, men krev at vi er vakne så vi ikkje tapar meir enn vi vinn.</p> <p>Eg står for det klassiske synet på ekteskapet som ei pakt mellom mann og kvinne.</p>	



	<p>Kristoffer Alexander Rolland 24 år Ytre Arna sokn, Arna og Åsane prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Frå	
Noverande stilling	Student 2008

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Har fagbrev som platearbeidar og har tidligare jobba til saman 5 år.		2003	2008


Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem Ytre Arna sokneråd		2006	DD
Vara - medlem Bergen kirkelige fellesråd		2006	DD

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Styremedlem Arna KrF		2006	DD
Hjelpeleiar på UALPHA, ALPHA kurs for konfirmantar i Ytre Arna Kyrkje		2003	2007
Leiar på "Tenklubben", ungdomsklubb på Ytre Arna Bedehus		Ca 2001	DD
Har også nokre politiske vara-verv.			

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Nyttenking kring gudstenesteform	
Legge til rette for økt bruk av frivillige medarbeidarar.	
DNK må være ei open og inkluderande kyrkje utan å forlate Bibelens lære, Guds ord	
DNK må ha en "grøn" profil og arbeide for vern av skaparverket.	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
<p>Som trussamfunn treng kyrkja å få velja sine eigne leiarar. I kyrkje-stat forliket i stortinget vart det vedteke å starta ein prosess mot at utnemning av biskopar vært overført frå kyrkjeleg statsråd til kyrkjeleg organ. Eg er positiv til den prosessen og meiner det er viktig med god framdrift i arbeidet mot at utnemninga vært overført til kyrkja.</p> <p>Gudstenestereforma som er ute på høyring no er spanande, og da spesielt "Forslag til ny ordning for hovudgudstenesta" som opnar for nye muligheiter i gudstenesta.</p> <p>Eg er ueining i kyrkjemøtes vedtak om ordinering av homofilt samlevende til presteneste.</p> <p>Eg er negativ til utarbeiding av ny liturgi retta mot vigsel av homofile.</p>	



	<p>Bjørg Kristin Selvik</p> <p>48 år Landås sokn, Bergen domprosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Dekan Avdeling for lærerutdanning, Høgskolen i Bergen	2003
---------------------------	-------------------------------------------------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Dekan avdeling for lærerutdanning (åremålsstilling)		2003	Dd (periode til 2011)
Høgskolelektor i matematikk, Høgskolen i Bergen		1989	dd
Lektor ved Åsane videregående skole		1989	1991
Lektor med fagene matematikk, kristendom, pedagogikk og informatikk utdannet ved NLA og UiB		1982	1988
Ettåring Vestre Østfold indremisjonskrets		1981	1982

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem av Landås menighetsråd		1994	2006
Medlem av trosopplæringsutvalg Bjørgvin bispedømme		1999	2006
Medlem av dåpsopplæringsutvalg i Landås		1993	2002
Søndagsskolelærer i Rolvsøy, Sandviken, Landås flere perioder		1976	dd
Styre- og lederarbeid lokalt i Norges kristelige student og skoleungdomslag		1975	1991

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem av utvalg nedsatt av KUF for utrede matematikkfaget i utdanningssystemet, fra barnehage til høgskole/universitet		1994	1997

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Trosopplæring	
Demokratireformen – forholdet kirke-stat	
Tilhørighet og medarbeiderskap	


Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
<p>Jeg er opptatt av trosopplæringsreformen. At det må legges til rette for at alle menigheter skal lykkes med å nå sine døpte barn og unge med et godt og relevant tilbud. At barn og unge gjennom dette arbeidet må få tilhørighet i menighetene våre. At vi må greie å gi dem oppgaver og utfordringer som er meningsfulle.</p> <p>Jeg er opptatt kirkens budskap må oppleves som aktuelt for dagens mennesker. Med det mener jeg ikke at vi må endre budskapet, men at vi må bruke språk,</p>	

Kyrkjevalet 2009 – leke kandidatar Bjørgvin



form og konkretisering som ulike mennesker opplever at handler om deres liv. Det handler om at kirken både må greie å sette sin egen agenda samtidig som en skal forholde seg til samfunnet vi lever i. Jeg ser det som viktig å utfordre til medarbeiderskap og tjeneste som en naturlig del av det å høre til en menighet. Dette krever også oppfølging og støtte. Demokratireformen blir spennende å følge. Her er mange gode tanker, samtidig blir det viktig å ta vare på kirkens egenart som et trossamfunn med et grunnlag som ikke er vedtatt i en flertallsavstemning.



	<p>Magne Skjeldal</p> <p>43 år Voss sokn, Hardanger og Voss prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Bonde	
---------------------------	-------	--

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Vidaregåande, yrkesfagleg, landbruksmekanikar		1992	1995
Agronom		1995	1996

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Medlem Voss sokneråd		1994	2001
Leiar Voss sokneråd		1998	2001
Medlem Bjørgvin bispedømeråd		2002	2010
Nestleiar Bjørgvin bispedømeråd		2002	2006
Leiar Bjørgvin bispedømeråd		2006	2010

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Kommunestyremedlem Voss		2003	2011
Leiar adm.utval Voss kommune		2007	2011

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Trusopplæringsreforma	
Gudstenestreforma	
Rekruttering til kyrkjeleg teneste, både friviljuge og vigsla/ordinert teneste	
Kyrkjeordninga	
Fremje rettferd, miljø- og fattigdomsutfordringa	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Trusopplæringa: Kyrkja skal leie folk fram til ei tileigna kristen tru og ein identitet som Jesus sine disiplar, i dette står trusopplæringa for born og unge sentralt.

Gudstenesta: Gjennom reforma har eg visjonar om at vi kan skape fellesskap der gudstenesta opplevest nærare Gud og menneske, og der det friviljuge medarbeiderskapet er ein naturleg del av gudstenestearbeidet.

Teologiske og kyrkjepolitiske saker:


Homofilt samliv: I Kyrkjemøtesaka i 2007 røysta eg med dei som ikkje ville opna opp for vigsla teneste for homofilt samlevande. I bispedømerådet har fleirtalet til no ikkje hatt ynskje om å tilsetja homofilt samlevande prestar, og eg vil arbeida for at denne praksisen held fram. Likeeins vil eg gå mot om der kjem framlegg om at kyrkja skal arbeida fram liturgi for inngåing av samkjønna ekteskap.

Kyrkjevalet 2009 – leke kandidatar Bjørgvin



Miljø- og fattigdomsutfordringa: Kyrkja må utvikla ein praksis som tek på alvor Guds vilje til rett fordeling og vern om skaparverket, dette kan innebere at radikale val må treffast. Kyrkja må utfordre styresmaktene på desse felta.



	<p>Aud Marie Stundal 58 år Kaupanger sokn, Indre Sogn prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Studieleiar for førskulelæruddanninga	1999
---------------------------	---------------------------------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Høgskulelektor/studieleiar		1999	2009
Etterutdanningskonsulent/ høgskulelærer/avdelingsleiar		1988	1999
Barnehagestyrar		1974	1988

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Nestleiar i Kaupanger sokneråd		1995	2001
Leiar i Kaupanger sokneråd		1993	1995
Leiar og nestleiar i Sogndal kyrkjelege fellesråd		1997	2001


Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Nestleiar i Sogndal frivillighetssentral			
Leiar i Kaupanger skule- og ungdomskorps			
Leiar i søndagsskule og gospelklubb			
Medarbeidar i Sogndal kyrkjelysdsblad			
Nestleiar i styret for Kaupanger bedehus			

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Barnearbeid	
Ungdomsarbeid	
Liturgien i gudstenesta	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
<p>Eg er oppteken av korleis kyrkja kan engasjere barn og unge. Me må nå ut breidt med det kristne evangelium, og arbeide for at flest mogeleg får kjennskap til kyrkja sine tilbod. Satsing på familiegudstenestene er ein god måte å nå fram til mange potensielle deltakarar på.</p> <p>Kyrkja må vere villig til å prøve nye uttrykks- og samarbeidsformer. Det er viktig med fornying slik at medlemene opplever kyrkja som pulserande, aktiv og aktuell.</p> <p>Kyrkja må ha eit nært samarbeid med dei frivillige organisasjonane.</p>	

Kyrkjevalet 2009 – leke kandidatar Bjørgvin



	<p>Ingvild Theodorsen</p> <p>23 år Stord sokn, Sunnhordland prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------

Frå	
Noverande stilling	Student
	aug 05

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Bachelor ved Det matematisk – naturvitenskapelige fakultet, UIB		2005	2007
Profesjonsstudiet i medisin, UIB		2007	d.d

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Ungdomsrådet i Bjørgvin Bispedømme (Leder 2005 -2006)		2004	2008
UKM delegat i år 2004, 2006 og 2007			
Medlem av Bjørgvin Bispedømmeråd		2006	2010

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Styremedlem i Indremisjonens ungdomsforening, IUF, Leirvik		2002	2005
Hovedstyret i Bergen Kristelige Studentlag (BKS)		2007	2008
Landsstyret i Norges Kristelige Student og Skoleungdomslag (NKSS)		2004	2006
Stabsmedarbeider i NKSS, Region Vest		2008	d.d.

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
	Menighetsutvikling og medarbeiderskap
	Ungdom og gruppen mellom 18 og 30 år
	Miljø og rettferdighet
	God personalpolitikk og rekruttering til kirkelig arbeid

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------



Jeg ønsker at vi sammen skal bygge menigheter til Guds ære, frimodig og tydelig forkynnelse, åndelig fordypelse og fellesskap. Våre fellesskap skal være åpne og preget av frivillig medarbeiderskap og diakoni.

Kirken kan være relevant også for ungdom, og det handler om mer enn å la de få ta del i det demokratiske systemet i kirken. Vi må gi ungdom gode aktiviteter og tilhørighet. Kirken må ta sitt ansvar for trosopplæring på alvor, og trosopplæringen må ha et innhold i tillegg til de kule aktivitetene. Vi må fortsette arbeidet med å få aldersgruppen 18 til 30 tilbake til kirken.


Jorda lider, og vi lever i en svært urettferdig verden. Vi må ta på alvor den rikdommen vi lever i, og den kunnskapen vi har. Vi har et ansvar for å ta vare på jorda, og våre søsken i hele verden. Kirken må være en tydelig aktør i dette arbeidet.

Jeg er uenig i KM sitt vedtak 07/07 om at homofilt samlevende kan ordineres til prestedtjeneste.

Jeg ønsker ikke at kirken skal vie homofile par.

Jeg ønsker å være med videre i demokratireformen, og bidra til å få en god prosess og utvikling mot å bli en kirke fri fra staten.



	<p>Monica Ugulsvik</p> <p>24 år Fet og Joranger sokn, Indre Sogn prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Programsekretær - Bergen KFUK-KFUM, Ynglingen	1.aug 2008
---------------------------	-----------------------------------------------	------------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Bachelor i Menighetspedagogikk, NLA BM Sandviken		2007	2009
Norgeseittåring, Jostedal prestegjeld/ Sogn krins av KFUK-KFUM		2005	2006
Ten Sing Norway, Norges KFUK-KFUM		2004	2005

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Bjørgvin KFUK-KFUM, Kretsstyret, Varamedlem		2009	
Bergen ICY (Internationally Committed Youth), Styremedlem		2006	2009
Bergen KFUK-KFUM, Hovudstyret, Styremedlem		April 2008	August 2008

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
Trusopplæringa, særleg arbeid for ungdom etter konfirmasjonstid og oppover	
Samarbeid mellom DNK og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane	
Fornyng av gudstenesta	


Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>
--------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Eg er ei kristen jente som har vore med på det meste av aktivitetar for born og unge i kyrkjelyden. Sidan tenåra har eg vore engasjert i KFUK-KFUM, der det byrja med Tensing, fortsette med eittåringstenester og løna arbeid. Eg er engasjert og ynskjer at fleire born og unge skal bli inspirert og engasjert i og til kristent arbeid.

Eg er oppteken av at ungdommar finn sin plass i kyrkja og at dei vert tekne på alvor, med sine ynskjer og behov. Det er viktig at dette kjem til syne, slik som det blant anna har gjort i Bjørgvin sitt "Ungdommens Bispedømeråd" og "Ungdomstinget", der ungdom har moglegheit til å påverka korleis kyrkja deira skal vera. Kyrkja treng ungdommar og ungdommar treng kyrkja.

Ei anna sak eg er oppteken av er å få fleire kvinnelege prestar i Bjørgvin bispedøme.



	<p>Ivar Ådnanes</p> <p>59 år Bremnes sokn, Sunnhordland prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Bonde	
---------------------------	-------	--

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til


Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Bremnes sokneråd – leiar		2002	2009
Bømlo fellesråd – medlem og leiar (6 år)		2002	2009

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>



	<p>Inge Aasgaard</p> <p>51 år Samnanger sokn, Midhordland prosti</p>
-----------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------

Frå

Noverande stilling	Adjunkt (inspektør, ped. Ikt-ansv.)	1989
---------------------------	-------------------------------------	------

Yrke/utdanning	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Examen Philosophicum Universitetet i Bergen			
Adjunkt (Bergen lærarhøgskule)			
Kristendom mellomfag (Norsk lærarakademi)			
Kroppspøving grunnfag (Bergen lærarhøgskule)			
Ped. IKT (Høgskulen i Volda)			

Kyrkjelege verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Soknerådsmedlem 12år (Samnanger sokneråd)		1997	2009
Soknerådsleiar 9år (Samnanger sokneråd)		1997	2009
Lek gudstenesteleiar			

Offisielle og andre verv	<i>(Inntil 5 oppføringar - vel dei mest relevante)</i>	Frå	Til
Kommunestyrerepresentant KrF Samnanger kommune		2004	2007
Kommunestyrerepresentant KrF Samnanger kommune		2008	2011

Satsingsområde	<i>(Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for. Inntil 5 kandidaten vil prioritera høgast)</i>
-Tydelege prestar og sokneråd som vil vera andelege leiarskap som viser veg.	
-Kyrkja må gjera dei kristne til heilhjarta etterfølgjarar av Jesus. Overgjevne kristne. Dette betyr undervising og opplæring. Kyrkja må også føda/gje mat til, dei lamma som allereie er i kyrkja. Den dagen kyrkja er nøgd med å konservera og ikkje ekspandera, har ho tapt.	
- Alle må få kjenna til nådegåvene og tenestene sine. Dei må verta tenarar for andre.	
- Alle må få vera med i små og trygge fellesskap i tillegg til storfellesskapet.	
- Kyrkja må prioritera kontakten med alle utanfor kyrkja. Det gjeld å nå dei ufrelste.	

Utfyllande presentasjon	<i>(Gjerne med kandidaten sin ståstad i høve til aktuelle utfordringar i kyrkja. Inntil 200 ord - ved utfylling vert feltet utvida automatisk om naudsynt) I Bjørgvin skal kandidaten svara på følgjande: – Er det teologiske og kyrkjepolitiske saker kandidaten er særleg oppteken av?</i>



Eg meiner at kyrkje og stat må skilja lag. Slik me stemner i dag, går me meir og meir i retning av kyrkja som ein rituell institusjon som syt for dei nødvendige gjeremåla som dåp, vigslе og gravferd. Mange av dei verkeleg engasjerte truande finn kyrkja for "smal" og avgrensa. Dei finn ofte det etterlengta engasjementet og fridommen i dei frie kyrkjelydane. Så lenge kyrkja ikkje sjølv kan peika ut sine eigne biskopar og leiarar, er det vanskeleg å kunna venta endring i kyrkja. Seniorpastor i Willow Creek i Chicago, Bill Hybels, har m.a. sagt: *"Ingen ting er som den lokale kyrkja når den lokale kyrkja fungerer rett"*. Dette er eg veldig einig i. Men, etter meir enn 25år i Oase-rørsla i Noreg, ser eg lite håp for at dette kan skje innanfor kyrkja slik ho er i dag. Kyrkja treng ei endring som gjer at ho står frimodig fram, og held Guds Ord høgt og fast. Det kan ikkje verta slik at dei einaste det ikkje er "plass til" i DNK, er dei engasjerte og bibeltru medlemmene. Når dette er sagt, vil eg streka under at eg har store forventningar til kva som kan skje, også i DNK, dersom "hendene vert løyste" og nådegåvene sette fri!